

CHILI.[®]
WWW.CHILIGROUP.NO

HÅLØYGMINNE

Skriftstyrar: Vidkunn Eidnes

UTGJEVE AV HÅLOGALAND HISTORIELAG

Hefte 2 – 2020

101. årg.

25. bind

Litt om ljåslått og slåttonn på Grytøya i eldre tid

Av Ola M. Heide

*«No ljåen han syng på den saftige voll,
og alle små-blomane slær han i koll,
og graset av roti han sopar.
Det gjeng seg so lett i den dogg-mjuka eng;
I skårane svingar seg dreng etter dreng
og slær so or vegen! det ropar.»*

Slik skildrar Arne Garborg ljåslåtten i Haugtussa-diktet «I slåtten». Det er så meisterleg skildra at den som har vore med på dette, kjenner seg att og mest kan sjå for seg korleis ljåen skjer seg gjennom graset og syng svisj-svisj over grasvollen. Sjølv er eg så gammal at eg var med på dette og fekk læra meg kunsten i min barndom og ungdom. Ja, for det er mest som ein kunst å kunna svinga ljåen lett og ledig så han sopar graset «av roti».

Sjølv om slåmaskina for lengst var komen til Grytøya då eg voks opp, var det framleis mange brattlendte bruk og ulendte bakkar som måtte slåast med ljå. Heime på Forr, der eg voks opp, var det mest berre flatlendt slåmaskinmark over alt. Det var berre i vegkantane, langs gjerda og i små bekkedalar at det var naudsynt å slå med ljå. Likevel fekk vi tidleg læra oss å bruka ljåen og fekk også tidleg vår eigen ljå. Dessutan hadde eg ei eldre søster som vart gift på ein brattlendt gard ute på Vaskinn der det var nøgda med ljåslått. Her var eg fast onnehjelp i min tidlege ungdom og fekk rikeleg erfaring med ljåslått. Han Hans svoger var ein dugande slåttekar og ein meister i å slipa og stella ljåen rett, så her fekk eg «vidaregåande» opplæring i ljåslåttens finessar. Eg skal her fortelja litt om ljåslåtten på Grytøya slik eg opplevde han i min barndom og oppvekst.

Det er egentleg heilt misvisande å seia at ein *slår* graset med ljå. For graset vert slett ikkje slege, men vert skore av med ljåen. Det er heile finessen med ljåslåtten. Ljåen skal svingast i ein halvsirkel slik at ljåegga følgjer graskanten og skjer av graset reint og fint ved grunnen. Dess lengre ljåen og dermed egga er, dess lengre arbeidsveg får dei og dermed vert dei òg meir effektive til å skjera. Men ein avgjerande føresetnad for å verta ein dugande slåttekær, er at ein kan skjefte, slipa og stella ljåen rett. Det aller viktigaste for ein slåttekær er å kunne halda ljåen kvass. Eg skal derfor omtala desse sidene ved ljåslåtten litt nærare.

Ljåar og ljåorv

Ljåen er ein heller avansert reiskap som truleg har vorte utvikla ved prøving og feiling gjennom mange hundre år. Det er såleis berre i industrilanda at ljåen var vanleg brukt. Til dømes er ljåen heilt ukjent i Afrika, der dei i staden brukar ein såkalla «slasher» til å kutta graset med. Det er ei meterlang, flathamra og vinkelbøygd jarnstong med trehandtak på. Den flate stonga er utan egg og blir svinga som hoggreiskap for bokstaveleg talt å slå graset ned. Som ein kan skjønna, vert resultatet både dårleg grasutbytte og ein heller uryddig og tjafsete grasbakke.

Her i Norden vart eggstålet tidlig utvikla både til våpen og til handreiskap som knivar og sigdar. Utviklinga frå sigden til ljåen var dermed ikkje lang. Ein kan godt tenka seg at folk i eldre tider prøvde å setta lengre treskaft på sigden for å sleppa å bøye seg når dei skulle hausta gras. Etter kvart vart så *stutturvet* og seinare *langorvet* utvikla slik vi kjenner dei i dag (sjå Fig. 1). Sjølv om ljå på *stutturv* framleis vart litt brukt til utmarkslått og skrapslått, var det *langorvet* som var vanleg på Grytøya i den tid eg kan hugsja. *Stutturvet* var eit vel meterlangt, rett og rundhøvla treskaft med ein såkalla *nabbe* på midten som ein heldt i med høgrehanda for å styra ljåen. *Langorvet* var derimot til vanleg litt bogeforma og så langt at det nådde slåttekæren om lag til akslene, og utstyrt med to handtak, ein *nabbe* til høgrehanda og ein såkalla *hæl* til venstrehanda. Denne hælen var som regel fint utskoren og forma slik at han høvde (fall) godt i venstrehanda. Vinkelen mellom nabben og hælen skulle vera 90 grader.

Når ein skulle laga ljåorv, var det viktig å finna eit dugande emne. Til dette som til andre føremål, var det vanleg å ta vare på emne som ein fann når ein hogg ved i marka. Slike emne vart då slinna og tatt godt vare på og lagt oppunder låvetaket til tork til ein fekk bruk for dei. Som regel var det bjørk som vart brukt til ljåorv, men heime på Førr vart gråor også ofte brukt fordi oreveden er så lett. Men sidan oreveden ikkje er serleg sterk, måtte orv av oreved vera litt grøvre enn orv av bjørk. Som nemnt, skulle *langorvet* helst vera litt bogeforma slik at ein ikkje laut bøya seg når ein gjekk og slo. Ein la derfor vekt på å finna emne som var nokolunde beine




Fig. 1. Teikningar av ljåar med stutturv og langorv.

den eine vegen og med boge den andre vegen (Fig. 1 og 2). Elles er orv som ein kan kjøpa på Felleskjøpet og andre stader, heilt rette og laga av granved som er både sterk og lett. På desse er heller ikkje hælen så kunstferdig utforma som på gamle orv, men består berre av ein bordbit med ein trepinne på tvers i enden. Eg såg forresten nyleg eit kjøpeorv med hæl av støypt hardplast og tradisjonell form. Litt av ei kulturblending, kan ein vel seia.

Å smi ljåar var ein spesialkompetanse som fordra mykje av smeden. Utforminga av ljåen med den langsgåande *ljåbakken* som er nødvendig for å gjera ljåbladet stivt, og den vinkelrette *ljåhuken* i enden som skal feste ljåen til orvet, er i seg sjølv ein krevjande prosess. I tillegg kjem kunsten med å smi ljåblad med fleire lag metall, slik dei gjorde i eldre tid. Slike ljåblad hadde eit midtre lag av hardt, herdbart stål, og eit ytre lag av mjukare jarn på kvar side. Dette var vanleg å bruka ved framstillinga av mange slag egg-reiskap som knivar og øksar, av di desse var så mykje lettare å slipa enn dagens stålreiskap som består av berre herda stål. Å sveisa saman dei tre komponentane til eitt samanhengande blad krev stor fagkunnskap. Ei tynn plate av jarn vert først bretta rundt eggstålet. For å få dei tre laga til å smelta saman, vart det så fylt rikeleg med boraks mellom og over dei tre laga. Dette vart så varma forsiktig opp til boraksen smelta og det heile hamra saman til ein heilskap.

I dag er det nesten ingen som smir ljåar på denne måten. Eg kjenner berre til ein her i landet som gjer det for å halda den gamle tradisjonen i hevd. Alt i min oppvekst var det berre kjøpe-ljåar som vart brukt, og desse var alle laga av heilt stål. Når ein skulle kjøpa ljå, såg ein alltid på tjukna på ljåbladet. Det skulle vera så tynt som mogleg for at ljåen skulle vera lett å slipa.

Skjeftinga av ljåen på orvet er også særskild viktig for at ljåen skal vera god å slå med. Først må ein skraskjera orvet i enden der ljåen skal sitta. Planet av dette skrånippet skal vera slik at ljåen får ein vinkel på orvet som ligg midt i mellom vinklane til nabben og hælen. For å hindra at egga på ljåen skal bli liggande for nær bakken, skal snittet vera ganske slakt i lengderetninga. Bliir snittet for bratt, vil egga bli liggande heilt mot bakken og lett bli skjemt av grus og småstein under slåttene. I min ungdom vart ljåhuken oftast festa til orvet med ein metallholk og ein trekile. Men sidan presset mot ljåen er stort under slåttene, trengst det solid feste. Det beste er derfor å bruka dei spesielle ljåholkane med skruefeste som etter kvart kom i handelen og som fanst alt i min ungdom.

Det aller viktigaste å passa på ved skjeftinga av ljåen, er at det blir rett vinkel mellom ljåen og orvet i lengderetninga. Den skal ikkje vera større enn 90 grader, helst litt mindre. Viss vinkelen er større, vil ljåen taka med seg meir gras enn han kan skjera, og dermed berre tjafsa. På Grytøymål sa vi då at «ljåen var lagt for mykje frami». Når ein skulle teste om ljåen var




Fig. 2. Langorv og ljå på Grytøy bygdetun på Lundenes. Den oppmerksomme lesar vil sjå at her er ljåen lagt alt for mykje frami. Foto Eldar Heide.

lagt høveleg frami, var det vanleg å setta orvet med øvre enden ned i bakken om lag ein halvmeter frå ei husnov eller ein stolpe. Medan ein så heldt orvet med høgrehanda kring øvste delen av orvet, sette ein så eit merke i husnova med den delen av ljàbakken som er nærmast orvet, og svinga orvet sidelengs mot høgre til odden på ljàen kom mot husnova. Dersom odden kom høgre opp enn der merket etter ljàbakken satt, var ljàen lagt for mykje frami og vinkelen måtte reduserast. Det ideelle var at ljàodden skulle møte nova ørlite grunn nedanfor merket.

Storleiken på ljàen måtte veljast etter styrke og evner hos slåttekaren. Den først ljàen eg fekk som 12-åring, var ein liten, såkalla trekvart-ljà. Det vil seie at han var tre kvart alen, eller om lag 47 cm lang. For vaksne var det vanleg med firekvart- og femkvart-ljàar. Di lenger ljàen er, di betre skjjer han, men di meir kraft skal det òg til for å slå med han.

Bruken av ljàen

Det er uråd å slå godt med ein sløv og ukvass ljà. Det var derfor heilt avgjerande for slåttekaren at han kunne slipa og bryna ljàen skikkeleg. På dei fleste gardane hadde dei ein slipstein som vart brukt til grunnslipinga. Han var som regel montert på ein jernaksling med sveiv i enden og som kvilte på to enderøyste, flatvorne steinar. For å halda akslingen på plass og for at han skulle sviva lett, var det montert eit eller anna slags «lager» oppå dei to beresteinane, enten i form av to solide treklossar med halvrunde hakk i, eller ei anna liknande innretning. Heime hugsar eg at vi hadde ein liten jarninnretning med to småhjul på som akslingen kvilte på. Desse ulike innretningane vart olja og smurt så akslingen gjekk lett og fint. Det var viktig at akslingen var montert midt i sentrum av steinen og kilt fast riktig slik at steinen sveiv jamt og regelmessig. Det måtte ikkje vera kast på steinen, som vi sa. Under steinen var det ofte sett opp ei lita tre-brye som var fylt med vatn slik at steinen heile tida vart reinvaska og godt forsynt med vatn når han snurra rundt. Ein annan metode var å henga opp ei vassbytte med eit lite hol i over steinen slik at han vart overrisla av ein liten vasstråle. Det var som regel ungane på garden som hadde jobben med å sveiva slipesteinen, og det var nok mange smågutar og -jenter som var skikkeleg lei denne sommarjobben når sola steikte og kleggen beit. Jakob Sande har skildra dette meisterleg i diktet «Slipesteinen». På Vaskinn hadde naboane derimot ordna seg med vassdrivne slipesteinar. Der var det bygd to vassrenner oppe i fossen i elva med to kvernkallar som dreiv kvar sin slipestein så vassspruten stod. Ved innlaupet til renna var det montert ei luke som stengte for vatnet når slipesteinen ikkje var i bruk. På luka var det festa ei trestong med eit snerling-snøre i toppen som ein drog i for å opna luka når ein skulle slipa. Det var vanleg å ha fleire ljàar garden slik at ein tok med seg ei heil bør med ljàar over aksla når ein skulle i elva og slipa, som ein sa.

Når vi slipte, tok vi orvet over høgre aksla og heldt ljàen fast og stødig mot steinen med begge hender, ei hand i kvar ende på ljàen. Det var viktig å finna den rette vinkelen mellom ljàbladet og steinen slik at slipen vart høveleg brei. Etter kvart som ein slipte, førte ein ljàen sidelengs over steinen slik at heile egga vart slipt. For å slipa andre sida av ljàen, tok ein så orvet ned og over på venstre side. Ein måtte slipe så lenge at slipen frå dei to sidene møttest fullstendig. Dette vart sjekka ved å stryka gommen på høgre tommel over eggkanten langs etter slipen for å kjenna om det var vorte *ro* på egga, som vi sa. Dette er ein liten stålkant som blir danna langs etter egga på oversida når ein har slipt langt nok. Di grøvre strukturen i slipsteinen er, di grøvre vert denne roa. Eit problem med ljàane av heilt stål, er at dei er vanskelege å slipa av di dei ikkje dannar skikkeleg ro. Dette er også eit vanleg problem med annan moderne ståltreiskap, til dømes knivar av rustfritt stål.

Når ljàen var ferdigslipt, måtte så roa pussast bort med eit finkorna bryne for å gjera slipen heilt skarp. Det var òg nødvendig å bryna ljàen når han vart sløv etter ei tids slått. Ein tørka då først ljàen rein for planterestar med ein grasdott, sette orvet i bakken med ljàen opp og støtta orvet mot aksla medan ein brynte eller kvesste (kvetta) ljàen ved å stryka brynet hardt langs etter egga på skiftande side. Dette ga ein karakteristisk skrattande lyd og var ein operasjon som kravde øving. Ein kunne godt høyra på takt og rytme kor rutinert slåttekaren var. Det hendte nok av og til at nybyrjarar skar seg litt på fingerknokane når dei øvde på kunsten. Det var mest berre naturlege steinbryne som vart brukt i min ungdom. Dei hadde finkorna struktur som ga kvass og fin egg, men dei var mindre effektive til å slipa enn dei industrilaga karborundum-bryna som kom seinare. Desse var forresten så korte at dei var vanskelegare å bryna med på den tradisjonelle måten. Brynet måtte vera vått når det skulle brukast, og slåttekarane brukte derfor å bera det med seg i ein liten vassholk eller *brynestokk* som dei hengte i belte på baken. Til meir kortvarig slått, var det elles vanleg å berre spytta på brynet, men det gjekk ikkje når ein skulle gå og slå heile dagen, særleg i solskin og godvær.

Som alt nemnt, skal ljàen svingast i ein halvskive slik at graset vert skore av reint og fint ved rota. For å få fin rytme, må ein taka om lag like mykje av graset i skåra på kvar side av der ein går, og svinga ljàen heilt ut til venstre. Tar ein for stor del av skåra bakom seg (på høgresida) eller stansar svingen for tidleg, vert rytmen ujamn og hakkande. Det er òg ein grunnregel at ein ikkje skal driva ljàen lenger fram i graset for kvar sving, enn at ljàen lett kan skjera av heile grasstripa. Tar ein for store jafs, vil ljàen berre tjafsa og slåttan vert ujamn. Det er ein fryd å sjå ein retteleg dugande slåttekar i arbeidet. Det er mest som å sjå ein god langrensløuper i løypa i drivande diagonalstil. Det går så rytmisk og lett at det synest mest ikkje kor slitsamt det i røynda er.

Men ein føresetnad for å kunne gå skårgang på denne måten, er at graset står opprett og ikkje er alt for tett. I eldre tid, før kunstgjødsla kom, var det ofte knapt med plantenæring i jorda, og enga var derfor oftast tynnvoren i ljåslåtten si tid. Særleg fint var det å slå i fuktige bekkedalar og bakkar med blomstereng. Eldre slåttekarakar kunne elles fortelja at enga nokre gongar kunne vera så tynn at dei kunne gå skårgang med lange femkvartljåar utan at det vart meir enn ei lita stripe med gras i skåra etter dei. Då måtte ein ha kvass ljå. I det moderne landbruket med sine velgjødsla og tette enger og legde i graset, ville det vera mest uråd å gå skårgang på denne måten. Om ein skulle slege med ljå no, måtte ein berre taka ei smal skår og slå med korte og tjafsande hogg. Grastypen i enga spelar òg ein viktig rolle for kor lett det er å slå. Smågras og urter er såleis mykje lettare å slå enn strågras som timotei og hundegras, særleg dersom strået er trena (fiberrikt) og hardt. Nokre grasartar, som til dømes finnskjegg og i noko mindre grad også sølvbunke, har tett med kisel-krystallar på blada som snøgt ukvesser og sløvar ljåen. Det merka ein snøgt når ein kom borti tørr-rabbar der det voks finnskjegg. Graset skulle og vera saftspent og fuktig for å vera lett å slå. I tørrvêr var det derfor viktig å kome seg tidlig ut om mårran for å kunne slå i den «dogg-mjuke eng», som Garborg skriv. Seinare på dagen, når graset misser saftspenninga, vert det gradvis dårlegare «bett» for ljåen.

Når ein skulle slå i bakkar, var det vanleg å legga skåra på skrå i bakken. Ved å utnytta tyngdekrafta på denne måten og legga graset unnabakke, vart det lettare å driva ljåen. I bratte bakkar var det òg tryggast å gjera det på denne måten ettersom ein då kunne stø seg litt på orvet og hindra at ein glei og datt opp på ljåen. Det hendte nok at folk skar seg på ljåen i slåtta, men eg kan ikkje minnst nokre alvorlege hendingar i så måte. Det var helst om berrføtte ungar fekk tak i ljåen og skulle prøva seg på å slå at det gjekk gale. Det var derfor vanleg å henga ljåen på ein trygg plass når han ikkje var i bruk, anten på ein einekrok høgt på låveveggen eller i ei greinkløft på eit storvore tre.

Når fleire karar gjekk skårgang i lag «og svinga seg dreng etter dreng», fekk ein syn for kor dugande dei ulike slåttekarakane var. Det var stor skam å ikkje kunna henga med og såleis verta jaga utor skåra, å verta «skårjaga» som vi sa. Når ein såg og høyrde at nestemann i skåra nærma seg bakfrå, gjorde ein derfor alt ein kunne for å halda unna. Vanlege knep var å knipa inn på breidda av skåra eller slå tjafsete, «slå u-velt» som dei gamle sa. Etter at graset var fjerna, kunne ein såleis sjå på grasbakken kor slike tevlingar hadde gått føre seg. Eit anna og tryggare knep, var å gje seg etter slik at ein hamna i siste skåra. Men elles var det no helst frededelege tider i slåttinga.

I slåttonna

Dei gamle hadde sine faste merke i naturen på kva tid ein skulle byrja med slåtten. Mange brukte utviklinga av årsveksten, såkalla fenologisk utvikling hos plantene til dette, til dømes kva tid ulike planter blomstra. Ettersom utviklinga av årsveksten stort sett fyljer vêrlaget frå år til år, vil ein slik metode fungera framifrå bra. Men då må ein velja blomstringa for rett planteslag, og det var slett ikkje alltid tilfelle. Nokre brukte tida når timoteien blomstrar (har blomsterstøv), medan andre brukte tida når mjødurten blomstrar, sjølv om dette gir ein skilnad på eit par veker. Andre såg på om graset byrja bli brunt ved rota. Ut frå det vi veit i dag om korleis næringsverdien av plantene endrar seg med utviklinga av plantene, kan vi nok slå fast at dei stort sett venta for lenge med å byrja slåtten i eldre tid. Etter det eg kan minnst, byrja vi vanlegvis med slåtten heime på Forr rundt midten av juli. Dette er berre ei veker tid før hundedagane byrjar (23. juli til 23 august), og til desse knytte det seg mange viktige vêrmerke for dei gamle. Det heitte seg at slik veret var når hundedagane gjekk inn, slik skulle det verta heilt til dei gjekk ut att. Gjekk hundedagane inn med sol, skulle dei og gå ut med sol, vart det sagt, og tilsvarande om dei gjekk inn med regn. Det var mange merkedagar på primstaven i denne perioden, og dei gamle brukte almanakken flittig for å halda greie på merkedagar som Marit vassause (20. juli), Jakob våthatt (25. juli) og Sjusovardagen (27. juli), sjølv om det neppe var mange som hadde særleg tiltru til desse gamle vêrmerka den gongen heller. Men av og til kunne det vel hende at dei slo til.

Slåtten var ei travel, men triveleg onn, særleg når vêret var godt. Alle på garden var med og hjelpte til så godt dei kunne. Matstellet var også litt ekstra bra med fleire måltider enn i kvardagen elles. Det starta med brødmåltid til frukost tidleg om mårran. Så var det føremiddagsmat i tida og middag i tolv-tida. Etter ein halvtimes middagskvil, var det så ettermiddagskaffi før ein gjekk ut på ståttemarka att. Så var det nonsmat i fem-tida på ettermiddagen og kveldsmat i åtte-tida om kvelden. Det var jamt byggraust av heimavla bygg, med heilmjolk attåt. Nonsmaten var det litt ekstra stas med ettersom kvinnfolka då ofte tok maten med ut på slåttemarka når vêret var fint. Då vanka det òg litt ekstra godt pålegg på skiva og ein lefseklining av den tradisjonelle, lokale *krinalefsa*. Det var helst storlefsa ein brukte på denne måten.

Vi hesja stort sett alt graset den gongen, før siloane kom. Vêret var for ujamt og upåliteleg til at vi kunne *breia* graset og tørka det på bakken. Plantene har eit vasstett ytre hudlag som er utstyrt med regulerbare ventilar, såkalla spalteopningar, som lukkar seg når plantene byrjar å mista vatn. Når desse opningane er lukka, går såleis vasstapet langsamt og det tar derfor lang tid før graset blir tørt nok til å kunne køyrast inn og lagrast. Med moderne slåmaskiner som riv opp hudlaget og knuser graset,

går derimot uttørkinga mykje snøggare, og graset kan bli tørt på to-tre dagar i tørrvêr. Bakketørking av graset går derfor mykje betre med dagens teknologi og noko sikrare vêrvarsling.

Hesjinga var ein arbeidssam prosess, men når ein først hadde fått graset i hesjene, var det berga og tolte ein god del regn. I min barndom, før sleperiva kom, vart graset raka (kjemt) saman i små *kjemmer* som vi bar bort til hesjene og hengte opp. Dette var ein tidkrevjande og urasjonell metode, som det vart slutt på då sleperiva kom i bruk. Då vart graset skuva saman og bort til hesjene og lagt oppi for hand. Etter kvart som kunstenger med timotei og anna strågras vart vanlege, gjekk vi så over til å hesja med høygaffel, noko som kravde ny arbeidsteknikk. Medan vi før sette opp hesjene fullt ferdige med alle strengane på, vart det no strekt ein og ein ny streng etter kvart som hesjinga skreid fram, samtidig som avstanden mellom strengane vart auka litt. Vidare vart høgda på hesjene redusert frå fem til seks strengar. Det vart då lettare å hesja på øvste strengen med høygaffel.

Før strengen (ståltråden) kom, vart det forresten brukt snørehesjer på Grytøya. Eg kan faktisk minnast at det hendte at vi sette opp småhesjer av gamalt linesnøre. Av omsyn til styrken, var det då naudsynt å ta eit kast med snøret rundt kvar hesjestaur, medan strengen berre vart festa med ein spiker i stauren. Men dei aller første hesjene var faktisk staurhesjer eller råvedhesjer der horisontale stenger kvilte på trepinnar som var bora inn i dei loddrette staurane. Om dette også vart brukt på Grytøya i eldre tid veit eg ikkje, men det var i så fall slutt på det før mi tid, medan i dei skogrike bygdene i indre Troms kunne ein sjå dette brukt heilt fram til siste verdskrigen.

Det var stor tyngd i hesjene, særleg når graset var vått etter regnvêr. Det var derfor nødvendig å forankra endene på hesjene godt. Det var vanleg å slå ned to kraftige pålar med halvannan meters avstand i kvar ende av hesjene og festa ein tjukk streng mellom desse og endestauren i hesja. I tillegg brukte vi å setta på skorder med høveleg avstand på begge sider av hesjene. Dette var halvannan til to meter lange staurar med kløft i enden som parvis vart sett på skrå ned i bakken på ca kvar sjetta staur. Namnet skorder kjem av *skard* som viser til kløfta i enden på skorda. Likevel kunne det henda at hesjene *gjekk etter enden* og la seg over ende. Det hendte og at det vart uvêr om sommaren med storm og storregn som bløytt opp marka og bles hesjene over. Det var ein sur jobb å riva graset ut av velta hesjer og hesja det opp att. Det var heldigvis ikkje ofte det hendte. Med kortvorne hesjer prøvde ein nok å slå ned nye endepålar for å reisa hesja opp att med talje etter at ein hadde tatt ut graset av dei øvste strengane, men det var vanskeleg å få strengane stramme nok, så det endte som regel med fullt oppattarbeid. Det hendte og at det kunne komma ein synnavindskuling som bles av graset på øvste strengen etter

at vi var ferdige med hesjinga. Men å rydda opp etter slikt, var berre som ein bagatell mot å hesja om att ei nedlagt hesje.

Det var nok hestane som hadde det hardaste arbeidet i slåttonna i min barndom og ungdom. Dei lette og små fjordingane som var mest vanlig brukt på dei småvorne gardane, sleit hardt med slåmaskina og vart både sveitte og slitne før økta var omme. Eg hugsar at når vi dreiv med onna nede ved sjøen i godvêr og merra var sveitt etter ei stri økt føre slåmaskina, brukte han far å køyra henne lausreipa og med greiet på ut i sjøen så ho fekk lauga seg. Han passa på å gjera dette på flo sjø, slik at han kunne gå yttst på steinvorren og køyra merra heilt utanfor marbakken. Merra sumde godt og viste tydeleg at ho sette pris på denne sporten.

Når det var problem med å få onna gjort på ein gard på grunn av sjukdom eller uhell av noka slag, var det vanleg å gjera dugnad. Naboar og slektningar samla seg då i hopetal på garden, både framvekstringarar og vaksne i alle aldrar. Dei fleste møtte opp med ljà, høygaffel eller rive, alt etter alder og kjønn. Nokre kom med hest og slåmaskin i førevegen, slik at oppsetting av hesjene og sjølv hesjinga kunne komme snøgt i gang. Dei eldste og mest rutinerte karane tok leiinga og organiserte arbeidet. Dette var overlag viktig for å få god framdrift i arbeidet og for å hindra at folk vart gåande i vegen for kvarandre. Der det var for bratt for slåmaskina, måtte ein bruka ljà, og då vart det gått skårgang med «dreng etter dreng». Det var utruleg kva eit slikt dugnadslag kunne få gjort på ei lang ettermiddagsøkt når vêret var godt og arbeidet godt lagt til rette. Arbeidet gjekk med liv og lyst, og mellom ungdomane vart det og tid til både moro og spel. I ein slik dugnad hørte det og med eit dugeleg matmål som avslutning. Det vart ofte kokt rømmegraut, og det var ikkje små mengder graut som skulle til for å metta slik ein dugnadsgjeng.

Vêret kunne vera så ymse i onna. Dei første somrane eg kan minnast var godvêrsomrane på nitten-trettitalet. Dei har barndomens glans over seg i minnet mitt. Men det var ikkje alltid slik. Eg minnest til dømes somrane i krigsåra, som var både kjølige og våte. Eg kan minnast at det då kom snø i Grytøyfjella i alle månader gjennom sommaren. Det kunne vera både surt og utriveleg på slåtemarka når skodda hang tung langt ned i fjellsidene og det regna litt mesta kvar einaste dag. Framdrifta i onna vart seinka og høytørken dårleg under slike tilhøve. Men før eller seinare klåma det opp, og eg kan ikkje minnast at det nokon gong hendte at vi ikkje fekk høyet velberga i hus.

Det hendte og at det var tørkesomrar då graset tørka på rot, at *det skein* av som dei gamle sa. Då vart slåtta framskynda for å berga det som bergast kunne. Eldre folk snakka særleg om tørkeåra først på nitten-trettitalet. Særleg ille skal det ha vore i 1930, då det og var skog- og lyngbrann på Kjeøya i Toppsundet slik at heile øya vart snaubrent. Det vart ulmebrann i lyngtorva, og mor og far fortalde at det ulma og rauk av brannen gjennom

hele sommaren. I slike år vart det slege skrapslått over alt der det var litt gras å finna. I dei sørvendte og tørkesvake bakkane på Vaskinn var dei særleg utsette for tørken. På Lundenes sa dei såleis at «når det skin av på Vaskinn, har vi kronår på Lundnes». Eldre folk på Vaskinn fortalte at dei i tørrår hadde vore med på å slå i grasliene både ute i Toppen og i Hornet på andre sida av Toppsundet. Johan Rasmussen på Vaskinn fortalte og at han Anders Johansen Vaskinn eit år til og med hadde vore heilt nord i Dyrøya på andre sida av Vågsfjorden for å slå i grasliene i Dyrøygommen. Når dei slo i desse bratte liene, vart graset pakka i store tausekkar og sendt ned gjennom lia så dei hamna nede ved flomålet. Det vart så ført heim på dei største båtane dei hadde, og hesja og tørka på Vaskinn. Dei var så visst ikkje umakredde den gongen. I min barndom og ungdom var det og vanleg at gardane på Øver-Forr som åtte Litkje-Kjæøya, kvart einaste år slo på dei små strandengene der borte og førte heim graset på denne måten.

I tørkeår vart det og hausta lauvkvist til fôr. Dette vart kalla å *lauva* eller å *kjerva*, av substantivet *kjerv*, som er ein bunt av lauvkvist. Dette vart gjort etter at slåtta var over. Det var helst greiner av småbjørk som vart nytta til dette formålet her nord, medan ask var særleg brukt lenger sør i landet. Ein skar av 60-70 cm lange kvistar med ein skarp sigd og batt dei i hop til eit *kjerv* med eit snøre eller ein mjuk kvist. Desse lauvkjerva skulle helst tørkast under tak, så lauvet heldt seg grønt og fint. Som regel vart dei sett inn på køyreleimen på låven etter at høyet var tatt i hus. Lauvføret var særleg brukt til sau og geit, som likte det særst godt. I vintrar med fôrknipe var det òg vanleg å skava rognebork til fôr. Dette var så vanleg at eldre folk, til dømes far min, berre kalla rognetre for skav. Borken skulle skavast om vinteren når trea var i kvile. Før lauvfellinga vert nemleg mykje av det som finst av løyseleg karbohydrat og protein i blada transportert ut og lagra i borken over vinteren. Slik vinterbork av rogn er derfor næringsrik og smakar godt for dyra. Dette har tydelegvis også elgen oppdaga, der han nå i store mengder breier seg utover øyene langs kysten og snaugneg kvar einaste rogn om vinteren. Det var helst på seinvinteren, når ein såg at det vart knapt med fôr, at ein skava rognebork. Frå gammalt av heitte det seg at ein til kyndelsmesse, den 2. februar, skulle ha halvparten av vinterføret att på låven. Det var derfor etter denne tida på vinteren når ein såg at det vart knapt med fôr at ein skava rognebork. Og då vart det òg skore tang i fjæra og tare på berg og fluer bortetter for å unngå *bunød* i fjøset.

Eg blir full av respekt og beundring når eg tenker på korleis folk i eldre tider evna å nytta alle ressursar for å livberga seg og sine, og korleis dei hadde utvikla reiskap og teknikk for å nytta desse ressursane så vel. Det er og ei stor glede for meg å kunne fortelja litt om dette på denne måten. Det kan vera nyttig lærdom å ha med seg i vår tid med overforbruk av alle ting.

Ola Mikal Heide er pensjonert professor i botanikk ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (tidlegare Norges landbrukshøgskole), 1430 Ås, der han òg var rektor i perioden 1978-1983. Han vart fødd på Forr på Grytøya i 1931 der han vaks opp og budde til han reiste ut som tjueåring.

Merknad redakøren:

No har eg lese og mimra frå mine unge år. Eg var bl.a. hos Petrea og Gabriel i Dale og var med på slått ute i Lian, bratt og tungt, men hyggelege dagar med gode minne. Og far fortalde frå sine unge år då dei rodde frå Leirvåg over sundet bort i lian på Grytøya og sende høyballane med tørrhøy i garn ned mot sjøen, og så rodde dei heim med høy så høgt at dei ikkje kunne sjå frå skott til skott!

Og eg var med på torvseting i Sørleirvåg høgt opp, og sekkene med torv blei etter tørking sendt med løypestreng ned. Dette var våren 1940, då budde vi på "Stranda" i Leirvåg frå april til juni.



Hefte 2 – 2020

101. årg.

25. bind